

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Davik

Emne: Skav

Bygdelag: Endal- Davik

Oppskr. av: H. Aardalsbakke

Gard: ~~15-25~~ *Endal, Davik*

(adresse): Davik

G.nr. 15-25 Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Mr. Askeland over 80 år. gbr.

SVAR

1. Bergingsfor, var nok det mest nytta namn.
2. Nei ein kjenner ikkje til det.
3. Å skava, skjev, skov, skave. Her brukar ein ikkje ordet skava til vanleg men smie som vert bøygt å smia, smier, smidde, har smitt.
4. Ja ein både har nytta det og nyttar det framleis, men mykje mindre no enn før. Ein kallar det skav eller bork er også mykje brukt. Før brukte ein det til vanleg, men no er det helst når det er lite høyt. Det kjem for ein stor del av at her no er vanskeleg om arbeidshjelp, for det tok nokså mykje tid.
5. Det er helst raun og alm ^{sam} var dei gjævaste treslaga, men ein nytta og osp og delvis hegg. Her var ikkje barskog, så bork av dei var ikkje nytta her. Best var raun og alm.
I Jølster i Sunnfjord var det brukt i min ungdom for ein 60-65 år sidan å smia småbjørk. Dei flakte av nevra og så smidde dei borken så små og fin som dei kunne og gav sauene. Ville dei ikkje eta den, skvette dei berre litt sildelake på. Då gjekk den. Men det er ingen som kjenner til at dei brukte den her.

6. Nei det er ikkje kjent her
7. Nei det er ingen her som kjenner det.
8. Det var helst kyr som fekk skav og så geit den det hadde den. Er ikkje kjent at hest fekk skav. Det var når det leid ut på vinteren og så fram på våren at dei brukte skav. Sjeldnare om hausten. Krøtera fekk fyrst høy, og så fekk dei skavet etterpå. Har aldri høyrte at dei brukte older til skav.
9. Ja ein fekk meir mjølk og meir fløyte og smør når ein brukte skav. Osp og hegg kunne ein ikkje bruka til mjølkekyr, for då vart det vond smak på mjølk og smør.
10. Ja ein smiar den veden som ein har køyrt heim til brenneved, men når dei ikkje har meir att av den, dreg ein til skogs etter skavved. Ja dei smiar hesjeveden når det er rogn eller annan slik ved som ein brukar å smie eller skave. Borken vert nytta til krøterfor.
11. Ein dreg på skavskogen.
12. Skav eller skavved.
13. Nei det er ikkje kjent.
14. Ein hogg det etter kvart ein treng det om vinteren og fram mot våren. Er ikkje kjent at ein skulle på skavskogen langfredag.
15. Det var så ymse. Om vinteren når det er kaldt set ein helst i stova. Om våren ved vedskjulet eller i fjøsgongen.
16. Er det tjukke stokkar, brukar ein bandekniv, ellest er det tollekniv. Før brukte dei mykje skavl. Den laga dei av ein gamal ljå som dei bøygde. Båe endane banka dei kvasse og sette skaft på.



4
og så ~~høgg~~ dei han av etterkvart dei brukar den brenneved. ^{til}

23. Skavved er det vanlege namn. Dei andre namna er ikkje kjende. Ordet kubb brukar ein om tjukke stokkendar både av skavved og annan ved.

24. Må helst smie borken små og tynn, ellers ville ikkje krøtera ikkje eta den. Ein laut serleg vera varsam om våreh ~~med~~ når veden var lopen så han ville falla av i store flak. Den borken vil dei traudleg eta. Dei smiar all borken og oftast føl litt av veden med. Det er nok ikkje alle som er like flinke til å smie.

25. Når veden er smidd, legg dei han bort og let han tørke godt, og så brukar dei han til ~~skavved~~ baksteved.

26. Dei nyttar endå skav til for, vissa når det er dårlege høfår. Men det er på langt nær ikkje så mannjamt som før. Det kjem nok av at i mange heimar er det lita hjelp, og så synest ein det vert billegare å kjøpa for. Etter kvart som den eldre slekt dør ut, fell vel dette bort, dersom ikkje tilhøva tvingar ein attende til det.